



ATTVIN AS
Alvikvegen 194
6019 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Guro Gjenstad, 71 25 84 29

Nøsa miljøstasjon - Attvinn AS - inspeksjonsrapport 2024.036.I.SFMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein inspeksjon gjennomført 5. november 2024 ved Nøsa miljøstasjon. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Desse personane var til stades under inspeksjonen:

Frå verksemda:
Andrew Brown

Frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:
Guro Gjenstad
Gunnhild Liva Austvoll

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har avdekket 6 avvik og gir 2 merknadar etter inspeksjonen.

Avvika gjeld:

1. Miljøstasjonen og områda omkring er sterkt prega av forsøpling
2. Farleg avfall blir lagra utan sikring
3. Det er tatt imot farleg avfall som ikkje er journalført
4. Det blir tatt imot farleg avfall utan finansiell sikring
5. EE-avfall blir ikkje lagra på ein sikker måte
6. Det manglar tilstrekkelege tiltak mot framande artar i hageavfall

Avvik og merknadar er nærare skildra i punkt 3 og 4 i rapporten. Avvik 1 og 2 er dei mest alvorlege avvika, og det blir varsla tvangsmulkt knytt til retting av desse.

Attvinn AS må før 1. februar 2025 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta.

Med helsing

Brit Kari Eidseflot Hauger (e.f.)
underdirektør

Guro Gjenstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
ÅLESUND KOMMUNE

Postboks 1521

6025

ÅLESUND



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: Nøsa miljøstasjon – Attvin AS	Anleggsnummer: 1580.0461.01
Bedriftsnr. for undereininga: 932788284	Eigd av (organisasjonsnr.): 922025096
Kommune: Haram	Kontrollnummer: 2024.036.I.SFMR
Løyve gitt: 4. september 2018	Løyve sist oppdatert: 31. januar 2024

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i miljøstasjonen sitt løyve og i forureiningsregelverket blir følgt. Hovudtema var farleg avfall.

Tema for inspeksjonen var:

- Handtering av og lagring av avfall
- Internkontroll
- Risikovurdering

Rapporten dreier seg om avvik og merknader som blei avdekka ved inspeksjonen og gir inga fullstendig vurdering av tilstanden til miljøarbeidet eller miljøstatusen ved verksemda.

3. Avvik

Avvik blir definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Statsforvaltaren fant desse avvika:

Avvik 1

Miljøstasjonen og områda omkring er sterkt prega av forsøpling.

Avvik frå:

Punkt 3.4 i løyvet.

Kommentarar:

Kravet i løyvet er at anlegget og områda omkring alltid skal haldast i orden og fri for forsøpling.

På tilsynsdagen var både anlegget og naturen rundt sterkt prega av forsøpling. Blant anna låg det avfallsrestar rundt og mellom konteinrar og i grøfter i anlegget. På nokre areal var det mykje knust glas på bakken. I skråninga mot sjøen var det betydelege mengder avfall. Det var sett opp eit nettinggjerde nede ved sjøen, men dette var nokre stader pressa ned, og det hang plastavfall i gjerdet. Vi reknar det som sannsynleg at avfall frå miljøstasjonen har hamna i sjøen og dermed enda opp som marin forsøpling.

Vi ser på dette som eit alvorleg avvik.



Avvik 2

Farleg avfall blir lagra utan sikring.

Avvik frå:

Punkt 3.2 i løyvet.

Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 nummer 1d.

Kommentarar:

Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 set minimumskrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall. Der er det krav om lagring på fast dekke og med oppsamling av eventuell avrenning. Løyvet krev at farleg avfall skal oppbevarast innandørs.

På tilsynsdagen var det registrert over 19 tonn farleg avfall på lager. Betydelege mengder av det farlege avfallet stod utandørs utan sikring. Dette omfatta batteri, gass under trykk, isolerglassvindaug som inneheldt klorparafinar eller PCB og eit blått fat med merking om at det inneheldt kjølevæske. Vi fekk opplyst at det var usikkert kva fatet eigentleg inneheldt, og fatet var ikkje sikra mot eventuelle lekkasjar. Ute stod det to store batteri, og det var inga sikring av desse. Mengda kvistar og lauv på det største batteriet tyder på at det har stått ute lenge. Det meste av avfallet som stod utandørs, var plassert på asfaltert grunn. Det var ingen kantar eller anna som kan hindre avrenning eller søl frå usikra avfall i å hamne i naturen.

Ved miljøstasjonen var det også eit innandørs lager for farleg avfall. Ved inngangen var det ei rist der eventuell væske som hamnar på golvet i rommet, kan renne gjennom. I risikovurderinga for miljøstasjonen er det ført opp at lekkasjar kan hamne i utsleppsleidning, men Attvin AS har ikkje kunnskap om kor denne går. Risikovurderinga skildrar at det skal leggest matte over rista ved lekkasjar for å hindre utslepp til vatn. Kravet om oppsamling av eventuell avrenning blir dermed berre halde dersom det er tilsette til stades når det skjer ein lekkasje. Lekkasjar som skjer på andre tidspunkt, vil kunne ende med at farleg avfall blir sleppt ut.

Ferdig sortert og merka farleg avfall som var klart for vidaresending, stod lagra i ein konteinar. Vi fekk opplyst at avfallet blir sett inn i konteinaren med truck, og det er derfor ein risiko for at det kan oppstå skadar på emballasjen. Konteinaren mangla dobbel botn og stod på grusdekke. Bruk av denne lagringsmåten er ikkje med i risikovurderinga.

Vi ser på dette som eit alvorleg avvik.

Avvik 3

Det er tatt imot farleg avfall som ikkje er journalført.

Avvik frå:

Punkt 11.2 i løyvet.

Kommentarar:

Det skal førast kontinuerleg oversikt (journal) over kva slags avfall og mengder som blir tatt imot i anlegget.

På tilsynsdagen var det lagra isolerglassvindaug merka med at dei inneheldt PCB og klorparafinar. Vi finn ikkje desse avfallstypene i dei dokumenta vi fekk tilsendt etterpå der det er oversikt over kva for



farleg avfall som var lagra på tilsynsdagen. Avfall med kodane 7158 (klorparafinhaldige isolerglasruter) eller 7211 (PCB-haldige isolerglasruter) er heller ikkje med i den tilsendte oversikta over alt farleg avfall som har blitt mottatt så langt i 2024.

Avvik 4

Det blir tatt imot farleg avfall utan finansiell sikring.

Avvik frå:

Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 4, jf. § 11-6 andre ledd.

Kommentarar:

Kommunale mottak som er drivne av eit aksjeselskap, skal ha finansiell sikring til å dekke kostnader med å ta hand om farleg avfall ved nedlegging eller betalingsproblem.

Det er inga finansiell sikring som gjeld for det farlege avfallet på Nøsa miljøstasjon.

Avvik 5

EE-avfall blir ikkje lagra på ein sikker måte.

Avvik frå:

Avfallsforskrifta § 11-8.
Punkt 3.2 i løyvet.

Kommentarar:

Krava i forskrifta er at EE-avfall som er mottatt, skal oppbevarast forsvarleg. Oppbevaringa skal ikkje innebere fare for forureining eller skade på menneske eller dyr. Moglegheita for førebuing til ombruk, materialgjenvinning og utsortering av komponentar skal ikkje reduserast. Oppbevaringa skal hindre ulovleg henting av EE-avfall. Kravet i løyvet er at EE-avfall skal lagrast under tak eller i konteinrar. Avfallet skal i tillegg vere sikra mot tjuveri.

På tilsynsdagen stod det store mengder EE-avfall utandørs utan tak eller anna vern mot nedbør og vind. Restar av avfallet låg rundt om på bakken, jamfør avvik 1 om forsøpling. Noko såg ut til å vere lagra utan fast dekke under. EE-avfall kan innehalde miljøgifter, og lagring utan sikring mot nedbør kan føre til at miljøgifter spreier seg til miljøet. EE-avfall lagra i ei trekasse i utkanten av anleggsområdet var delvis dekt med lauv og såg derfor ut til å ha ligge der lenge. Lag lagringstid aukar risikoen for at skadelege stoff lek ut i miljøet. Ei kasse merka med «sikker retur» som var full av bl.a. datamaskinar, stod også ute utan skjerming. Det er usikkert om denne var tilstrekkeleg sikra mot tjuveri.

I miljøstasjonen si risikovurdering er det ført opp at det skal settast inn ein ekstra konteinar for kvitevarer dersom transporten ikkje skjer som planlagt. Det var ikkje nok konteinrar til EE-avfall på tilsynsdagen.

Avvik 6

Det manglar tilstrekkelege tiltak mot framande artar i hageavfall.



Avvik frå:

Punkt 3.3 i løyvet.

Kommentarar:

Løyvet krev at det skal gjennomførast nødvendige tiltak for å hindre spreiring av planter som er framande artar.

På tilsynsdagen var hageavfallet lagra på areal utan fast dekke, og det var ingen informasjon til kundane om kva for artar som må handterast på annan måte enn vanleg hageavfall. Det stod ein konteinar som var meint til å legge framande artar i. Den hadde inga relevant merking, og opningane var små slik at sekkar med framande artar lett vil få skadar dersom dei blir pressa inn i konteinaren.

4. Merknadar

Merknad blir definert som eit tilhøve som tilsynsetaten meiner er nødvendig å påpeike for å ta i vare det ytre miljøet, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Det blir gitt merknadar for desse tilhøva:

Merknad 1

Det er usikkert kor godt området er sikra mot forureina grunn.

Kommentarar:

Det er kjent at området der miljøstasjonen ligg, har forureina grunn. Overflateforureining med asbest skal ha blitt dekt til med asfalt eller duk for å hindre eksponering. På tilsynsdagen observerte vi duk med skadar. Vi er ikkje kjent med om dette er duk som skal dekke mot asbest. Dette bør undersøkast slik at ein kan vere sikker på at det ikkje er fare for kontakt med asbest i området.

Merknad 2

Utrangerte oppsamlingseiningar er lagra over eit stort område.

Kommentar:

På eit område var det ei stor samling av utrangerte oppsamlingseiningar for glas og metall. Det er uvisst om desse skal nyttast i framtida eller om dei skulle ha vore levert vidare som avfall. På tilsynsdagen var området iferd med å gro igjen og ga eit skjemmande inntrykk.

5. Oppfølging etter inspeksjonen

Attvin AS har plikt å rette opp dei avvika som er skildra i denne rapporten så snart som mogleg. For at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må de før 1. februar 2025 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta.

Vi ber om at de sender svarbrev på e-post til sfmrpost@statsforvaltaren.no eller på papir til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer. Saksnummeret er 2018/2292.



6. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Vi varslar at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil fatte vedtak om tvangsmulkt dersom vi ikkje har mottatt ei skriftleg stadfesting på at avvik 1 og 2 er retta før 1. februar 2025. Tvangsmulkt vil bli kravd inn dersom vi ikkje har mottatt ei stadfesting på at avvik er retta innan 3 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt blei fatta. Heimelen for vedtaket vil vere forureiningslova § 73.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 15 000 for avvik 1 og kr 30 000 for avvik 2.

De har høve til å kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan to veker etter at denne rapporten er mottatt.

7. Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal varsla under tilsynet at Attvin AS vil få eit gebyr på kr 20 200 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarar til sats 4. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Moglegheit for klage

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har mottatt denne rapporten. Klagen skal angi den eller dei endringane som de ønskjer. Klagen bør grunngjevast og skal sendast til Statsforvaltaren.

8. Offentlegheit

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. offentleglova. I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på norskeutslipp.no.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova)
- *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta)
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta)
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta)
- «Løyve til mottak og mellomlagring av ordinært avfall for Nøsa miljøstasjon» med løyvenummer 2018.0771.T gitt 4. september 2018 av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Løyvet regulerer også mottak og mellomlagring av farleg avfall.

10. Informasjon til verksemda


Informasjonsarket «Gebyr ved kontroll – informasjon frå Statsforvaltaren» blei delt ut under inspeksjonen.




11. Bilde

Bilda under illustrerer nokre av avvika.

Avvik 1 om forsøpling:



Forsøpling ved hageavfallsmottaket.



Forsøpling ved konteinarar.



Plastavfall i gjerde ved sjøen.



Forsøpling i grøft.

Avvik 2 om lagring av farleg avfall:



Utandørs lagring av vindauge. Fleire av stablane hadde vindauge med PCB eller klorparafin.



Fat med farleg avfall lagra ute utan sikring.



Rist ved inngangen til innandørs lager for farleg avfall.

Avvik 5 om EE-avfall:



EE-avfall lagra ute utan sikring.



Restar frå EE-avfall på bakken.



Kasse med EE-avfall i utkanten av området.